

Vedteken i Sogn regionråd 9.12.2022

Samferdsleplan

Handlingsplan for 2023

Bakgrunn

Handlingsplanen er forankra i Sogn regionråd sin «Samferdsleplan 2020 – 2023». Det ligg føre vedtekne handlingsplanar for 2021 og 2022.

Høyanger kommune går ut av rådet 1. januar 2023. Handlingsplanen dekker etter det kommunane Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Prioriteringar

Dei viktigaste tiltaka for rådet i 2023 vert å:

- *Tinge fram tilfredsstillande stengingsregime rundt vedlikehald av Lærdalstunnelen*
- *Sikre prosjekta i «Investeringsprogrammet» til Regional transportplan*
- *Drive påverknadsarbeidet inn mot neste nasjonale og regionale transportplan ved å*
 - *Trygge eksisterande alliansar*
 - *Skape nye alliansar og dialogar*
 - *Oppdatere argumentasjons- og kunnskapsgrunnlaget*
 - *Følgje leveransane til transportetatane t.d. med ny skredfaktormodell*
- *Gjennomføre ein intern prosess for å skape breiast mogeleg semje i Sogn om prioriteringane innafor samferdslesektoren*
- *Starte arbeidet med Samferdsleplan for Sogn 2024 - 27*
- *Styrke kapasiteten på samferdsle i sekretariatet*

Status - Overordna planer

Dei overordna planane er i all hovudsak på plass og gjeld fram til rullering i 2025 og/eller 2026.

Nasjonal transportplan (NTP)

Nasjonal transportplan (NTP) 2022 – 33 vart handsama i Stortinget i juni 2021 og er styrande fram til ny plan vert lagt fram våren 2024. Arbeidet med NTP 2025 - 2036 vart framskunda med eitt år. Arbeidet er alt starta opp. Transportetatane har frist til 1. april 2023 med sine leveransar.

Innspelsmøta kjem nok fyrst vår/haust 2023.

Regional transportplan (RTP)

Regional transportplan for Vestland (RTP) 2022 – 33 vart godkjent i fylkestinget i desember 2021, utan investeringsprogram, men med strategiar og handlingsplan. Den gjeld dei neste fire åra dersom ikkje rulleringa vert framskunda på same vis som for NTP'en.

Investeringsprogrammet vert fastsett årleg i samband med budsjetthandsaminga i fylkestinget i desember kvart år.

Handlingsplanen vert rullert årleg, fyrste gong i juni 2023.

NTP

Rv. 13 og Nye Veier AS

Tiltak:

- *Ha god dialog med Nye Veier AS om tiltak og prioriteringar på rv. 13 m.a. gjennom synfaring og etablering av felles kunnskapsgrunnlag*
- *Arbeida for at Vikafjellstunnelen kjem inn att i neste NTP*
- *Byggja alliansar med andre regionar og næringsliv for realisering av Vikafjellstunnelen.*

Aust-vest sambandet

Tiltak:

- *Byggje alliansar med andre regionar og næringsliv for at investeringar på rv. 52 blir prioritert slik at reisetida vert kortare og med tilrettelegging for tungtransport mellom kysten/Sogn og Austlandet.*
- *Prioritera prosjektet tunnel Borlaug-Bjøberg inn i neste NTP*
- *Arbeide for ein KVU for rv. 5 Skei – Håbakken, med konkrete løysingar for*
 - *Framtidig trafikk-løysing Sogndal sentrum*
 - *Tunnel Loftesnes – Kaupanger*
 - *Ferjeavløysingsprosjekt Mannheller – Fodnes*

Vedlikehald av Lærdalstunnelen - Stengingsregime

Tiltak:

- *Tinge fram tilfredsstillande stengingsregime rundt SVV sitt vedlikehald av Lærdalstunnelen*
- *Syte for at det vert gjennomført ei utgreiing som omfattar:*
 - *Løysing med to løp, opprusting av omkøyringsalternativ og ei meir grundig analyse av kva som er moglege avbøtande tiltak, kva som er realistiske tiltak og kor gode dei er*
 - *Samfunnsmessige konsekvensar, med samfunnsøkonomi, kost/nytte, avbøtande tiltak, omkøyringsalternativ og konsekvensar for brukarane, lokalt, regionalt og nasjonalt*

Rassikring

Tiltak:

- *Støttespelar for Nasjonal rassikringsgruppe sitt arbeid for auka løyvingar og ein 12-årsplan for rassikring*
- *Følgje arbeidet med ein nasjonal gjennomføringsplan for skredsikring av alle riks- og fylkesveggar med høg eller middels skredfaktor*
- *Sikre at mest moglege av SVV sin skredfaktormodell vert vidareført*

Regional transportplan 2022 – 33

Fylkesvegnettet

Fv. 55 Vadheim – Grense Innlandet

Tiltak:

- *Sikre at den viktigaste samanbindingsvegen i Sogn vert prioritert blant dei strekningsvise utbetringane i investeringsprogrammet*
- *Sikre oppstart av fv. 55 Nes – Høyheim i Luster kommune*

- Syte for at fylkestinget går attende til den opphavlege planen og løyver midlar til gjennomføring av prosjektet på fv. 55 med bru over Esefjorden, slik at løyvinga kjem på plass med ein gong reguleringsplanen vert godkjent
- Ta opp att arbeidet med å få fram KVU¹ for Sognefjellstunnelane

Rassikring

Tiltak:

- Sikre at SVV sin modell for skred i størst mogleg grad vert lagt til grunn for prioriteringane i investeringsbudsjettet
- Sikre tilstrekkeleg planleggingsmidlar til raskast mogleg realisering av rassikringa av fv. 5600 Arnafjorden
- Vidareføre prioriteringane frå fylkestinget i Sogn og Fjordane

Vinterstenging

Tiltak:

- Arbeide for betre regularitet og kortare og meir fleksibel stenging på Sognefjellet, og Gaularfjellet

Tunnelar, bruer og ferjer

Tiltak:

- Utvide kunnskapsgrunnlaget til å omfatte oversyn over planlagde tunneloppgraderingar
- Arbeide for at òg strekningar med låg årsdøgertrafikk (ÅTD) vert utbetra
- Syte for at både naudsynte tiltak etter tunnelføresegna og tiltak som elles er fornuftige vert gjennomført samstundes
- Slutføre arbeidet med fv. 5633 Seimsdalstunnelen i Årdal kommune
- Sikre oppstart av tunnelarbeidet på fv. 53 Fodnes – Årdal

Gang- og sykkelveggar

Tiltak:

- Arbeida for trygge og gode gang- og sykkelveggar særleg i tilknytning til skular
- Sikre gjennomføring av prosjektet på fv. 271 Sjukehusvegen i Lærdal kommune

Kollektivtransport

Tiltak:

- Vidareføra samarbeidet med næringslivet og regionale utviklingsaktørar om å styrka Sognebåten og for utvida sommarruter som er avgjerande for reiselivsutviklinga i Sogn.
- Arbeida for at kollektivtransport blir eit reelt alternativ til bil også i distrikta og for eit fleksibelt tilbod med bruk av ny teknologi og digitale løysingar

Andre samferdslesaker

Sogndal lufthamn Haukåsen

Tiltak:

- Fremje Haukåsen som testpilot for elfly
- Ny trase på fv. 424 Kaupanger - Haukåsen (Flyplassvegen)

¹ *Konseptvalutgreiing*

Ferjesamband Hella-Dragsvik-Vangsnes

Tiltak:

- *Dialog med Statens vegvesen og Vegdirektoratet for bedre ferjetilbod Hella-Vangsnes-Dragsvik med halvtimes avgangar, betre nattferjetilbod og tidlegare morgonavgang til Hella.*

Rutekjøp

Tiltak:

- *Følgje prosessen rundt rutekjøp på ferje, buss og hurtigbåt*

Regionale flyruter²

Tiltak:

- *Følgje prosessen rundt regionale flyruter*

Klimavennlege hurtigbåtar³

Tiltak:

- *Følgje fylkeskommunen sin anbodsprosess for utsleppsfrie hurtigbåtar på Sogn*

Breiband

Tiltak:

- *Støtte IT-forum Vest sitt arbeid og strategiar for breibandutbygging.*

² https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-av-transportfaglig-utredning-for-regionale-ruteflyginger-i-sor-norge-og-nord-norge-fra-2024/id2947535/?utm_source=regjeringen.no&utm_medium=email&utm_campaign=nyhetsvarsel20221118

³ <https://www.vestlandfylke.no/nyheitsarkiv/2022/klimavennlege-hurtigbatar-ut-pa-anbod-pa-nyaret/>